



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Hovudutval for skule og barnehage

Sak nr 40/08

Saksbehandler: Trond Roy Pedersen
Arkivsak: 08/148-14

Arkiv: A20 &00
Møtedato: 20.11.2008

ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA - HØYRING

Kunnskapsdepartementet har sendt ut framlegg til ei rekke endringar i opplæringslova. Kommunalsjefen vel å gjennomgå dei forslaga som gjeld grunnskulen. Forslaga gjeld:

- plikt til forsterka opplæring i norsk og matematikk på 1. – 4. årstrinn
- organisering av elevane i grupper – om sosialt tilhøyre
- plikt til å utarbeida årleg rapport om tilstanden innanfor grunnopplæringa
- rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnskuleopplæringa

Saksbehandlinga blir gjort slik at hovudutvalsmedlemmene kan få ei hovudinnføring i kva kvart forslag gjeld utan å måtte lesa heile høyringa. For dei som har interesse av å lesa denne, er ho å finna på

http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer/paa_hoering.html?id=1977

Forsterka opplæring norsk og matematikk på 1. – 4. årstrinn

Forslaget inneber ei plikt for kommunen til å gje ei forsterka opplæring i norsk/samisk og matematikk på dei nemnde trinna. Det blir ikkje gjort framlegg om at elevane har ein individuell rett til forsterka opplæring. Det skal derfor ikkje fattast enkeltvedtak og såleis ved spesialundervisning. Det blir tvert imot uttala at dette tiltaket bør ha som ein naturleg konsekvens at forsterka opplæring vil føra til at færre elevar vil ha behov for spesialundervisning fordi forsterka opplæring vil gje fleire tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa.

Forsterka opplæring skal vera ein del av den tilpassa opplæringa. Tiltaka skal vera retta mot elevar som har svake kunnskarar i lesing og rekning. Det går fram at skuleeigar saman med leiinga på skulane skal definera elevgruppa som skal få forsterka opplæring g ved hjelp av resultat frå kartleggingar og lærarane sin kjennskap til elevane sitt kunnskapsnivå . Det vil bli innført obligatoriske kartleggingar i lesing også på 1. og 3. årstrinn i tillegg til 2. årstrinn, som nett er revidert.

Departementet har særleg sett til erfaringane frå Finland når det gjeld tidleg innsats i skulen.

Det er stilt midlar til rådvelde for tiltaket slik at det for Klepp kommune på årsbasis vil bety rammeoverføring på kr 2,9 mill på årsbasis. Det vil gje litt i overkant av 5 lærarstillingar til tiltaket som skal gjelda frå 01.08.09.

Framlegget er at det blir ein ny §2-2a med denne ordlyden:

Kommunen skal sørgje for forsterka opplæring i norsk eller samisk og matematikk på 1. til 4. årstrinn. Den forsterka opplæringa skal mellom anna liggje i særleg høg lærartettleik og vere særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

Kommunalsjefen ser positivt på tiltaket. Det vil vera i tråd med Klepp si Ilob-tenkning og behovet for betre lærardekning. Det er også positivt at det blir stilt midlar til disposisjon til tiltaket.

Organisering av elevane i grupper – om sosialt tilhøyre.

For å sikra at elevane har sosialt tilhøyre vil departementet stramma inn regelen om at elevane skal høyra til ein klasse eller ei gruppe. Tiltaket er også grunngeve i studiar som syner at sosiale fellesskap gir positive effektar for elevane si faglege læring. Moment som trening i samarbeid med ulike menneske, å kunna hevda meiningane på ein positiv måte og løysa konflikter på føremålstenleg måte blir også lagt til grunn.

Det blir ikkje gjort framlegg om å innføra avgrensing av kor stor gruppa eller klassen skal vera. Framleis skal det heita at denne skal vera pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Lovframlegget er slik i § 8-2:

I opplæringa skal elevane delast i klasser eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassene, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa, mellom anna kontakten med heimane.
(Endringar er sette i kursiv).

Kommunalsjefen har ingen merknader til framlegget.

Årleg rapport om tilstanden innanfor grunnopplæringa.

Det blir synt til at Sverige og Danmark har innført plikt for skuleeigarane om å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden innanfor grunnopplæringa for betre å avdekka behov og iverksetja tiltak. Det blir lagt opp til indikatorar som skal ligga til grunn. Det blir vist til at resultata i skuleporten bør vera med i rapporten. Elles blir dette nemnt spesielt:

- Delen av elevar som presterer på lågaste nivå i lesing og rekning ved dei nasjonale prøvane samanlikna med det nasjonale gjennomsnittet
- Delen av elevar som trivst godt, som blir mobba.
- Delen av elevar som får nok utfordringar i skulen, som oppgir at opplæringa er tilpassa nivået deira og som får faglege tilbakemeldingar.

For dei siste indikatorane vil særleg elevundersøkinga ligga til grunn.

Framlegget til nytt tredje punkt i § 13-10 er slik: *Som ein del av oppfølgingsansvaret etter dette leddet skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.*

Fråfall gjeld vidaregåande skule. Dette tiltaket minner mykje om det Klepp kommune nå har gjort i 3 år. Likevel tykkjer kommunalsjefen at tiltaket ber bod om ein nasjonal trend til å villa detaljstyra i mykje sterkare grad nå i forhold til korleis kommunane skal fylla opp måla. Kommunane bør få velja sjølv korleis og kva som skal rapporterast internt.

Retten og plikten til fysisk aktivitet i grunnskuleopplæringa.

Regjeringa uttalar i St prp nr 1 at fysisk aktivitet skal vera del av ein utvida skuledag på barnetrinnet. Det blir tilrådd å innføra to veketimar til fysisk aktivitet, men det er ikkje undervisningstimetallet som skal utvidast med to timar i kroppsøvingfaget med pedagogisk personale. Timane skal vera obligatoriske. Det blir tilrådd at dei eldste på barnetrinnet, 6. og 7. årstrinn, kan få ein veketime med fysisk aktivitet kvar. Timen kan ikkje samlast opp til til dømes ein skidag. Føremålet er å fremja helse, trivsel og læring. Skulen bør sikra variasjon og breidde, og aktivitetane bør vera både ute og inne.

Departementet vil leggja tiltaket inn i § 2-3 ved å gi *forskrift som regulerer aktivitetar som ikkje er opplæring i dag.*

Kommunalsjefen ser klart behovet for meir fysisk aktivitet for dei unge. Vekta har auka monaleg i gjennomsnitt for desse. Dei er for fysisk inaktive, og dette går ut over helse, trivsel og læring.

Kommunane får tilført ressursar til tiltaket, men midlane strekk neppe til til å tilsetja fagfolk i stillingane. Det kan redusera verknadene av tiltaket. Når kommunane nå slit med å halda nåverande nivå på tenestetilbodet, vil heller ikkje kommunane ha ressursar til å spe på med.

Innstilling:

Kommunalsjefen tilrår slikt vedtak:

Hovudutval for skule og barnehage i Klepp stør framlegga til endringar i opplæringslova når det gjeld *plikt til forsterka opplæring i norsk og matematikk på 1. – 4. årstrinn og organisering av elevane i grupper – om sosialt tilhøyre.*

Når det gjeld *plikt til å utarbeida årleg rapport om tilstanden innanfor grunnopplæringa*, vil hovudutvalet be om at detaljstyringa frå staten blir dempa.

Hovudutval for skule og barnehage i Klepp ber om at *utvidinga av retten og plikten til fysisk aktivitet i grunnskuleopplæringa* får ei ramme som gjer at det faglege innhaldet blir styrka.

Hovudutval for skule og barnehage den 20.11.2008 sak 40/08

Samrøystes VEDTAK:

Tilrådinga vart godkjent.

Klepp kommune, 21.11.2008

Solfrid Guddal Søyland
leiar

Mona Undheim
sekr.

Kopi til:
Kunnskapsdepartementet, Postboks 8119 Dep, 0032 Oslo